

Nr.	Prosjekt	Arkivsak KU	Bestilt	Ferdigdato	Oppfølging KU	Handsaming	Kommentarar
33	Vedlikehald og inneklima	15/5892	26.08.2015	31.03.2016	V-2017	KU-sak 31/16 FT-sak 12/16	I KU-møte 3.3.16 vart KU orientert om at prosjektet var i rute og rapport ville bli levert innan 31.3.2016. KU handsama rapport 31. mai med tilråding til fylkestinget som handsama rapporten 14. juni 2016 og vedtok i saka KU si tilråding. Fylkestinget ba i vedtaket fylkesrådmannen følge opp nokre punkt og rapportere tilbake til KU innan utgangen av 2016. Kontrollutvalet mottok rapport 19. januar frå frm Utvalet vurderde pkt. 2 i fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 12/16 til å vere oppfølgt. Kontrollutvalet ba frm om vurdering av dei evnige anbefalingane i rapporten slik fylkestinget ba om i pkt. 3 i vedtaket. Kontrollutvalet mottok oppfølgingsrapport frå fylkesrådmannen 10.17. Utvalet vedtok 21.11.17 i KU-sak 46/17 å vurdere denne forvaltningsrevisionen som ferdig oppfølgt.
34	Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fk	16/1691	11.02.2016	01.09.2016	31.12.2017 01.04.19		Bestilt etter vedtak i kontrollutvalet 26.1.16. Prosjektplan handsama 3.3.16 med ferdigdato 1.9.16. Prosjektet har vorte forseinka i flere omganger og vil bli ferdigstilt innan 31. januar 2017. Ytterlegare forseinkning på grunn av sjukdom hjå revisor. Rapport ferdig 19. april 2017. KU og FT handsama rapporten 26. april 2017. Oppfølging av rapporten vart handsama i KU-møte 27.2.18.
35	Eigarposisjon i Fjord1 AS - Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DH T Corporate Services AS - Vurdering av avtale	16/2566	12.04.2016	03.10.2016	Avventer FR Innkjøp		Forvaltningsrevisionssprojekket er avsluttet. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetjing og kontrollaktivitetar ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov - og regelverk. Avventer ferdigstilling av oppfølginga til FR-prosjekket Innkjøp er ferdig gjennomført.
36	Arkiv og offentlegheit	16/8907	22.11.2016		31.12.2017		KU handsama bestilling og prosjektplan i møte 22.11.16. Planlagt ferdig 15. mai 2017. Prosjektet vart gjennomført iht planen og vart ferdigstilt 15. mai. Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 30. mai og vedtok der ei tilråding til fylkestinget i tre hovudpunkt. Tilrådinga frå kontrollutvalet vart vedteken av fylkestinget 13. juni 2017 i sak 15/17. Kontrollutvalet handsama rapport om oppfølging frå fylkesrådmannen i møte 27. februar 2018, der utvalet vedtok å be om ytterlegare tilbakemelding innan 13. mai. Utvalet har mottøke efterspurð informasjon, og vedtok 22. mai i KU-sak 26/18 å avslutte saka.
37	Innkjøp	17/562	09.02.2017		03.01.2019		KU handsama bestilling 07.02.17 i KU-sak 4/17. Bestillinga vart sendt Deloitte 9.02.17. Det er i bestillinga bedt om prosjektplan innan 10. mars. Prosjektet er planlagt ferdig 8. september 2017. Det er varsle om forseinkninga i prosjektet i e-postar til sekretariatet i juni 2017. Revisor orienterte om status i KU-møte 29.8 og der kom frå framstillinga om ytterlegare forseinkning pga sein i mottatt dokumentasjon og ny ferdigdato er sett til veke 44/17. Ny ferdigdato etter orientering 26. september er veke 48. Rapport vart mottøken 27.11.17. Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 03.04.18. Konklusjonane etter tilleggsbestillinga vart handsama av utvalet 4. juni og av fylkestinget 12. juni.
38	Musea i Sogn og Fjordane	17/3313	04.04.2017	3.11.17 (p) 27.2.18 (f)	H-18		Kontrollutvalet handsama bestillinga med prosjektplan i møte 28.3.2017. Bestillinga vart sendt Deloitte 4. april. Prosjektplanen vart godkjend av kontrollutvalet 30. mai. Prosjektet er planlagt ferdig 3. november 2017. Prosjektet er forsinka. Rapport levert 27.2.2018. Kontrollutvalet mottok oppfølging 6. august, og fekk framlagd saman med vurdering av oppfølginga til møte 6. september. Utvalet ynskjer konkretisering av oppfølginga i dei to førstittakspunkta.
39	Utdannings- og yrkesrådgiving	17/7179	27.09.2017	23.5.18 (p)			Kontrollutvalet handsama bestillinga i møte 26.9.17 i KU-sak 40/17 (Karriererettleiling i vidaregående skule). Bestillinga vart sendt til Deloitte 27. september. Prosjektplan vart godkjend av utvalet 21.11.17. Prosjektet er forsinka, og er meldt ferdig innan 20. august 2018. I KU-møte 6. september fekk utvalet beskjed om ny forseinkning. Rapport vil bli ferdig til handsaming i kontrollutvalet 20. november.
40	Reiseliv	17/9379	13.12.2017	03.09.2018	V-2019		Bestilt av kontrollutvalet 13.12.17 i KU-sak 58/17. Prosjektplan vart handsama av utvalet 27. februar 2018. Prosjektet vart rapportert å vere i rute seinast 4. juni i år. Rapport vart levert 3. september, som avta. Rapporten vart handsama av kontrollutvalet 25. september og av fylkestinget 19. oktober.
41	HMT og inkluderande arbeidsliv	18/2557	03.04.2018	14.12.18 (p)			Bestilt av kontrollutvalet 3. april 2018. Planlagt ferdigstilt innan utgangen av oktober 2018. Etter at kontrollutvalet vedtok ein revisert prosjektplan 6. september vert prosjektet sitt ferdigstidspunkt skyvd til 14. desember 2018.

Dato
Oppdatert **22.10.2018**

Prosjekt	
Arkivak KU	15/5892
Arkivsak	15/8040
Bestilt	26.08.2015
Ferdig	31.03.2016
Handsaming av rapport KU	31.05.2016
Handsaming av rapport FT	14.06.2016
Arkivsak Oppfølging	17/617

Status dato	Aktivitet
26.08.2015	Handsaming KU-sak 32/15
01.10.2015	Handsaming i KU-sak 40/15
24.11.2015	KU-sak 56/15
26.01.2016	KU-sak 10/16
03.03.2016	KU-sak 11/16
12.04.2016	KU-sak 20/16
31.05.2016	Handsaming i KU-sak 31/16

14.06.2016	Handsaming i FT-sak 12/16
07.02.2017	Handsaming av oppfølging i KU-sak 8/17
10.08.2017	E-post frå Frm
29.08.2017	KU-sak 30/17
25.10.2017	
21.11.2017	KU-sak 46/17

Vedlikehald og inneklima

Bestilling

Prosjektplan og vidare arbeid med saka til handsaming i FT.

Planlagt

Eventuelt vedtak / resultat
KU-vedtak i KU-sak 61/14: 1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling med føreslegne endringar frå kontrollsjefen. 2. Vedteken bestilling vert sendt Deloitte AS
KU-vedtak i KU-sak 40/15: 1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen slik den er framlagd. 2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan utgangen av mars 2016.
Orientering om status
Orientering om status
Orientering om sak
Orientering om status
Vedtak: 1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning. 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å: a. Sikre at internkontrollsystemet til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifter blir tydeleggjort. b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd) c. Sikre at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima. 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten ut frå eit kost/nytte-perspektiv. 4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016.

VedtaK:

1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å:
 - a. Sikre at internkontrollsystemet til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifter blir tydeleggjort.
 - b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd)
 - c. Sikre at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten ut frå eit kost/nytte-perspektiv.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapport frå fylkesrådmannen datert 19. januar 2017 til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer pkt. 2 i vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten slik fylkestinget har bedt om i pkt 3 i vedtaket i FT-sak 12/16.

Orientering om status på oppfølging

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapport frå fylkesrådmannen datert 25. oktober 2017 til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer pkt. 3 og 4 i vedtaket i FT - sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt
3. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT - sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt.

Kommentarar
Bestillinga vart sendt Deloitte 28.8.2015. Det vart bedt om prosjektplan innan 14.9.2015 for handsaming i utvalet i møte 01.10.2015.
Kontrollutvalet handsama sak om godkjenning av prosjektplan i møtet.
Deloitte orienterte om status for prosjektet. Det er førebels i startfasen, men dokumentasjon var innhenta frå fylkeskommunen, og det var sendt ut spørjeundersøking til rektorane og verneomboda på skulane. Det var allereie kome inn ein god del svar. Det var også sendt ut spørjeundersøking til elevråda ved dei vidaregåande skulane. To av skulane hadde svart, men det var ikkje lenge sidan undersøkinga var utsendt. Førebels ikkje noko som tyder på at tidsfristen for prosjektet skal ryke. Kontrollsjef informerte om behov frå Bygge- og eigedomsjef for god tid ved planlegging av eventuelle intervju. Orienteringa frå Deloitte vart teken til vitande.
Prosjektet er i rute. Ferdigstillingsdato er seinast utgangen av mars 2016. Prosjektet er i rute. Ferdigstillingsdato er seinast utgangen av mars 2016 Prosjektet er i avslutningsfasen. Skulle ha vore ferdig 31. mars, men fylkesrådmannen ba om utsetting på høyringsfristen til 29. april på grunn av stort arbeidspress. Rapporten vert klar ca. 1. mai. Orienteringa vart teken til vitande.
Tilrådingane frå revisor: 1. Sikrar at det blir etablert eit internkontrollsysteem i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§ 4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskriftera blir tydeleggjort. 2. Sikrar at det alltid blir fatta enkeltvedt ak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre , eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. oppl. § 9a - 2 fjerde ledd) . 3. Sikrar at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima. 4. Vurderer å operasjonalisere dei overordna måla som er sett for bygge - og eigedomstenesta sitt arbeid. 5. Vurderer å utarbeide ein strategi for det vidare arbeidet med universell utforming ved skulane, som mellom anna inneheld gjennomføringsplan og prioritering av tiltak.

Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding.

Frm skriv i e-posten at ein ynskjer å gjere fleire vurderingar rundt dette, og at ein vil kome med tilbakemeldingar rundt desse vurderingane til KU-møte 26. september eller 21. november 2017.

Det vart referert til e-post frå Bygge- og eigedomssjefen der det kom fram informasjon om at oppfølging vil bli gjennomført i løpet av hausten. Det er mest realistisk å rekne med tilbakemelding til kontrollutvalsmøtet 21. november. Informasjonen vart teken til vitande .

Oppfølgingsrapport frå fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen har gjort vurderingar knytt til operasjonalisering av mål, slik det er bedt om i FR-rapporten. Det er også utarbeidd strategi for arbeidet med universell utforming. Notaet er sendt til handsaming i KU 21.11.17

Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen 11.12.2017

Prosjekt
Arkivak KU
Bestilt
Ferdig
Handsaming av rapport KU
Handsaming av rapport FT

Status dato	Aktivitet
26.01.2016	Handsaming KU-sak 6/16
03.03.2016	Handsaming KU-sak 13/16
12.04.2016	KU-sak 2016
31.05.2016	KU-sak 30/16
25.08.2016	KU-sak 36/16
07.10.2016	KU-sak 46/16
22.11.2016	KU-sak 49/16
07.02.2017	KU-sak 1/17
28.03.2017	KU-sak 11/17

26.04.2017	Handsaming KU-sak 19/17
26.04.2017	Handsaming FT-sak 10/17
27.02.2018	Handsaming i KU-sak 6/18
04.06.2018	Handsaming i KU-sak 28/18

Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fk

Bestilling

Planlagt

Eventuelt vedtak / resultat

KU-vedtak i KU-sak 6/16:

1. Kontrollutvalet utset forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på grunn av pågående politisk prosess.
2. Leiar og kontrollsjef får fullmakt til å utarbeide bestilling på forvaltningsrevisjon av kulturminnevern, og sende bestillinga til Deloitte AS.

1. Prosjektplan - forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert godkjend som framlagd.
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 1. september 2016.

Orientering om stauts

Orientering om stauts

Orientering om status

Vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvalningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.
 - b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:
 - i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre
 - ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing
 - c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017

Endeleg vedtak i fylkestinget:

1.

Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvalningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:

- a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd.
- b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
- c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetringssarbeidet etter forvalningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.
3. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c - d.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetringssarbeidet etter forvalningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekte.
2. Vidare vert de registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i varetake ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.
3. Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvalningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.

Kommentarar
Kontrollutvalet vedtok å utsette FR av tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på grunn av pågående politisk prosess. Leiar i utvalet fekk i lag med kontrollsjef fullmakt til å bestille forvaltningsrevisjon av kulturminnevern. Bestilling vart sendt til Deloitte 11. februar 2016
Det er sendt ut dokumentførespørrelse. Framdrifta i prosjektet er i samsvar med <u>planen for gjennomføring</u> . Orienteringa vart teken til vitande.
Deloitte orienterte om status for prosjektet. Deloitte varsler at det vert vanskeleg å rekke ferdigdato 1. september, og ba om utsett frist til 12. september. Dette vart akseptert. Intervju vert sett i gang i nær framtid. Orienteringa vart teken til vitande.
FR Kulturminneforvaltninga er forsinka pga vanskar med å få tak i kontaktpersonar i samband med undersøkinga . Rapporten skal bli klar til handsaming i kontrollutvals møtet 22. november. Deloitte melder om at prosjektet vert forseinka på grunn av e - postar som ikkje har kome fram som følgje av spam - filter i fleire kommunar. Rapporten vert sendt til høyring i slutten av oktober .
Deloitte orienterte om framdrifta i prosjektet. Det har vore utfordringar med å få inn svar frå kommunane, men rapporten er no klar til å bli sendt til verifisering 1. desember. Rapport skal verte ferdig innan 24. januar 2017. Orienteringa vart teken til vitande .
Prosjektet er ikkje ferdig ennå. Deloitte ga oss ingen ny dato for ferdigstilling av prosjektet, som er forseinka på grunn av sjukdom hjå revisor. Deloitte vurderte prosjektet til å vere så langt kome når sjukdom inntraff at ein ikkje såg det som føremålsteneleg å skifte prosjektleiar.
Rapporten er sendt på høyring. Høyringssvaret vil ligge føre enten før eller rett etter påske. Kontrollutvalet følgjer opp mot fylkesrådmannen.

Kontrollutvalet valde å sette opp eit ekstra møte 26. april for å få handsama rapporten i framkant av fylkestinget sitt møte same dag. Kontrollutvalet handsama rapporten i møte kl. 10. Fylkestinget fekk utsendt saksframlegg med tilrådinga frå sekretariatet og rapporten i god tid før fylkestinget sitt møte, men tilrådinga frå kontrollutvalet (vedtaket frå kontrollutvalet si handsaming same dag) fekk fylkestingsmedlemmane 26. april ca. kl. 11. Fylkestinget vedtok endring i pkt 2a i tillegg til å fjerne pkt. 2b i tilrådinga frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet mottok 29.1.18 brev med oppfølging av denne rapporten. Sekretariatet registrerer at mykje av forbettingsarbeidet etter forvalningsrevisjon av kulturminneforvaltni nga er ferdig gjennomført. Vi har likevel merka oss når det gjeld punkt 2a i vedtaket som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, først vil bli gjennomført i løpet av 2018/2019. Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør utfordre fylkesrådmannen på om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført denne kartlegginga. Vidare bør utvalet be om å få lagt fram malane som er omtalt i svaret for punkt 2 c - d.

Kontrollutvalet mottok 14.5.18 brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av denne forvalningsrevisjonsrapporten. Sekretariatet registrerer at mykje av forbettingsarbeidet etter forvalningsrevisjon av kultur minneforvaltni er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekne. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvalningsrevisjonen for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.

Prosjekt
Arkivak KU
Bestilt
Ferdig
Handsaming av rapport KU
Handsaming av rapport FT

Status dato	Aktivitet
12.04.2016	Handsaming KU-sak 27/16
25.08.2016	KU-sak 36/16
07.10.2016	Handsaming i KU-sak 47/16
18.10.2016	Handsaming i FT-sak 43/16

Eigarposisjon i Fjord1 AS - Utbetalingane til Advoka

Bestilling

Eventuelt vedtak / resultat
KU-vedtak i KU-sak 27/16: 1. Leiar får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å bestille vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DH T av Deloitte AS .
Orientering om status
Vedtak: 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat - og rådgjevingstenester i Fjord1 - saka til etterretning. 2. Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DH T og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegne i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med « Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59 » 3. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov - og regelverk.
Vedtak: 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat - og rådgjevingstenester i Fjord1 - saka til etterretning. 2. Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegne i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med « Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59 » 3. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov - og regelverk.

Utfirmaet Wiersholm og DH T Corporate Services AS - Vurdering av

Kommentarar
Fylkesrådmannen har rapporten til verifisering med frist for tilbakemelding 26. august. Etter verifisering skal revisor slutføre rapporten før den vert sendt til høyring. Orienteringa vart teken til vitande
Konklusjon frå revisor: I samsvar med bestillinga og omforent prosjektplan er det gjennomført forvaltningsrevisjon med formål om å gjøre ei vurdering av om SFF har følgt regelverket for offentlege anskaffingar ved innkjøp av tenester frå Wiersholm og DH T. Etter gjennomgang og vurdering av opplysninga i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Deloitte si vurdering at SFF har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt.
Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding.

Prosjekt	
Arkivak KU	16/8907
Bestilt	22.11.2016
Ferdig	15.05.2017
Handsaming av rapport KU	30.05.2017
Handsaming av rapport FT	13.06.2017

Status dato	Aktivitet
22.11.2016	Handsaming KU-sak 57/16
07.02.2017	KU-sak 1/17
28.03.2017	KU-sak 11/17
30.05.2017	Handsaming i KU-sak 29/17

Arkiv og offentlegheit

Bestilling

Planlagt

Eventuelt vedtak / resultat	
KU-vedtak i KU-sak 57/16:	1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon « Arkiv og offentlegheit » etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling 2. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen som er framlagd etter vurdering av innhaldet i planen
Status-rapport	
Orientering om status	
Vedtak:	<p>1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit til etterretning.</p> <p>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp rapporten slik:</p> <ul style="list-style-type: none">a. Ferdigstille arkivplan innan 31. desember 2017• Dette omfattar tilrådingane 2 – 8 i rapportenii. Oppdatere og samle rutinane og retningslinene for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument.iii. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument.iv. Utarbeid rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga.v. Syte for at alle journaleiningane i fylkeskommunen vert inkludert i postlista.vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.b. Ferdigstille rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017• Dette omfattar tilrådingane 6 – 9 i rapportenvi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.d. Få på plass rutinar for opplæring av tilsette og politikarar innan 31. desember 2017. Gjennomføring av opplæring vert ein kontinuerleg prosess.• Dette omfattar tilrådingane 1, 9 og 10i. Sikre at oppdatering og ajourføring av arkivplanen vert gjennomført, og at denne vert utforma i samsvar krava etter arkivforskrifta.ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.

Vedtak:

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit til etterretning.
 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp rapporten slik:
 - a. Ferdigstille arkivplan innan 31. desember 2017
 - Dette omfattar tilrådingane 2 – 8 i rapporten
 - ii. Oppdatere og samle rutinane og retningslinene for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument.
 - iii. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument.
 - iv. Utarbeidde rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga.
 - v. Syte for at alle journaleiningane i fylkeskommunen vert inkludert i postlista.
 - vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.
 - vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.
 - viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.
 - b. Ferdigstille rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017
 - Dette omfattar tilrådingane 6 – 9 i rapporten
 - vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.
 - vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.
 - viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.
 - ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.
 - d. Få på plass rutinar for opplæring av tilsette og politikarar innan 31. desember 2017. Gjennomføring av opplæring vert ein kontinuerleg prosess.
 - Dette omfattar tilrådingane 1, 9 og 10
 - i. Sikre at oppdatering og ajourføring av arkivplanen vert gjennomført, og at denne vert utforma i samsvar krava etter arkivforskrifta.
 - ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.

Vedtak i kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at forbettingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit for det meste er ferdig, men at det framleis står att litt arbeid før alt er på plass.
 2. Utvalet ber om at prosedyre for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege i tråd med vedtak punkt 2b, ix i form av skriftleg tilbakemeld ing innan 13.05.2018.

Vedtak:

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevision av arkiv og offentlegheit og seier seg ferdig med saka.

Kommentarar
<p>Deloitte rapporterte at prosjektet er i rute. Revisor har fått god hjelp frå arkivleiar for å få tilgangar i orden. Stikkprøver er gjennomført. Spørjeskjema til tilsette vert sendt ut denne veka (7). Spørjeskjema til politikarar litt fram i tid - innan utgangen av februar. Ei generell tilbakemelding er at det ikkje alltid blir sendt fullstendig informasjon til revisor. Dette kan resultere i at prosjekt kan bli forseinka.</p> <p>Rapporten er i rute, og er under ferdigstilling i desse dagar. Den blir sendt til verifisering over helga, og etter 14 dager sendast den på høyring.</p>

Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

Prosjekt
Arkivak KU
Bestilt
Ferdig
Handsaming av rapport KU
Handsaming av rapport FT

37

17/562
09.02.2017
08.09.2017

Status dato	Aktivitet
07.02.2017	Handsaming KU-sak 4/17
28.03.2017	Handsaming KU-sak 12/17
30.05.2017	KU-sak 22/17
29.08.2017	KU-sak 30/17
26.09.2017	KU-sak 37/17

13.12.2017	Handsaming i KU-sak 56/17
27.02.2018	KU-sak 2/18
03.04.2018	Handsaming i KU-sak 12/18

Innkjøp

Bestilling

Planlagt

Rapport sak 18/2552

Eventuelt vedtak / resultat	
KU-vedtak i KU-sak 4/17: bestiller forvaltningsrevisjon «Innkjøp» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling 2. Kontrollutvalet ber om ny problemstilling i bestillinga:	1. Kontrollutvalet • I kva grad følgjer fylkeskommunen regelverket som skal bidra til å forhindre sosial dumping i samband med anbodusutlysing, kontraktsinngåing og oppfølging av kontraktar? 3. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen sende bestillinga til Deloitte AS.
KU-vedtak i KU-sak 12/17: godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre. 2. Kontrollutvalet vedtek å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet utan spørjeundersøking. 3. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 8. september 2017	1. Kontrollutvalet
Orientering om status	
Orientering om status	
Orientering om status	

Vedtak i KU 13.12.17:

1. Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.

2.

- a. Før saka vert handsama på nytt ber kontrollutvalet om at kontrollsjefen utgreier følgjande evt. får gjennomført ei ekstern vurdering, og legg vurderingane inn i saka eller i fleire saker:
 - i. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for kjøp av reinhaldstenester ved Sogn Jord- og hagebruksskule, og inkludere denne informasjonen i saka, med framlegg til korleis følgje opp saka.
 - ii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for gjennomføring og seinare avlysing av konkurranse om kjøp av varmesentralar med varmepumpe av type vatn/vatn i fylkeskommunale bygg, og gjere ei vurdering av bakgrunnen for avlysinga.
 - iii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for prosessen og vurderingane med anskaffing av helsevikartenester på vegne av 12 kommunar i Sogn og Fjordane. Spesielt ber kontrollutvalet om ei vurdering av om ein i konkurransegrunnlaget og gjennomføringa av konkurransen har sikra seg tilstrekkeleg mot sosial dumping, og korleis dette vert handtert i kontraktsoppfølginga.
- b. Kontrollutvalsleiaren vert bedt om å oppmode kontrollutvala i dei 12 berørte kommunane om å stille følgjande spørsmål til sin eigen administrasjon, og melde dette tilbake til kontrollsjefen:
 - i. Kva fullmaksstruktur har kommunen for å kunne bestille eller delta i rammeavtalar i regi av Innkjøpssamarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI)?
 - ii. Kva vurderingar vart gjort før ein bestemte seg for å være med på rammeavtale om helsevikarar?
 - iii. Korleis har kommunen vurdert drøftingsplikta med dei tillitsvalde, og når har ein gjennomført dette?
 - iv. I kor stor grad har ein nytta seg av rammeavtalen?
 - v. Korleis er kontraktsoppfølginga av kontrakten med tanke på å motverke sosial dumping?
 - vi. Andre relevante spørsmål som kontrollutvalsleiaren, i samråd med kontrollsjefen finn naudsynt.

3. Kontrollsjefen får mynde til å nytte seg av revisor eller anna naudsynt intern og/eller ekstern kompetanse i den grad det er naudsynt for å vurdere opplysningsane i saka.

4. Kontrollutvalet vil kalle inn administrativ kompetanse som fylkesrådmannen, økonomisjefen, innkjøpssjefen, bygg- og eigedomssjefen og fylkesdirektør for samferdsle for å svare på spørsmål knytt til funna i forvaltningsrevisjonsrapporten og dei andre sakene i den grad utvalet vurderer det som føremålenleg. I tillegg vert representant for Fagforbundet og eventuelt andre relevante aktørar invitert til å orientere utvalet.

Leiar i utvalet orienterte om status i saka om forvaltningsrevisjon Innkjøp under saka "Skriv, meldingar og orienteringar". Følgjande vart protokollert under punkt 6c:

Ekstra bestilling i høve forvaltningsrevisjon innkjøp.

- i. Ketil Kvammen har fått bestilling på å svare på tre juridiske spørsmål, frist midten av mars.
- ii. Sekretariatet blir beden om å lage samanstilling av svar frå kommunane når det rammeavtale om helsevikarar. Frist for svar frå kommunane er sett til 15.3.18
- iii. Eventuell høyring – Det vart semje om å heller kalle inn fylkesrådmann, økonomidirektør og innkjøpssjef kvar for seg i møte, i motsett rekkefølge, for å svare på spørsmål
- iv. Forvaltningsrevisjonen vert lagt fram til handsaming i neste møte for vidaresending til fylkestinget

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjonen og orienteringa frå fylkesrådmannen førebels til orientering.
2. Saka vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.

Vedtak:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvalningsrevisjon av innkjøp til etterretning
2. Fylkestinget ser alvorleg på dei avvika som kjem fram i forvalningsrevisjonen. Fylkestinget meiner og at fylkesrådmannen ikkje har orientert politisk nivå om kapasitets- og ressurssituasjonen i innkjøpstenesta på ein tilstrekkeleg måte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik:
 - a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk
 - b. syte for at rutinar og retningslinjer er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
 - c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremåistenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen
 - d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
 - e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekke brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
 - f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
 - g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekkja i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane
 - h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region
 - i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen
4. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å løfte desse to siste punkta inn i det førebuande arbeid som pågår i høve etablering av den nye fylkeskommunen.

5. Fylkestinget har fylkesrådmannen mælt tilbaka til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 21

Vedtak:

Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet, der punkta 1, 3, 4 og 5 vart samråystes vedtekne og punkt 2 vart vedteke mot 12 røyster.

Vedtak:


Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvalningsrevisjonsrapport av innkjøp.

Vedtak:

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvalningsrevisjonsrapport av innkjøp.

Kommentarar	
	Bestillinga vart sendt Deloitte 9. februar.
	Handsaming av prosjektplan
	Revisor har dialog med innkjøpsavdelinga om innsamling av relevant informasjon. Det har tatt litt meir tid med å få tilsendt informasjonen enn det som var lagt til grunn for framdrifta. Prosjektet er i rute.
	Revisor har no motteke mesteparten av etterspurd dokumentasjon frå administrasjonen, men den kom så seint at prosjektet er forsinka. Nytt leveringstidspunkt er satt til veke 44.
	Innhenting av dokument er ennå ikkje ferdig. Revisor må ha info om ein del spesifikke kjøp. Det er ifølje revisor ein konstruktiv dialog med innkjøpsavdelinga. Rapport er planlagt sendt til verifisering neste veke. Rapporten er forseinka og vert ferdig i veke 48. Orienteringa vart teken til vitande.



Kontrollutvalet v/leiar og kontrollsjef mottok 19.1.18 notat frå fylkesrådmann med oppfølging av vedtaket kontrollutvalt gjorde i forvaltningsrevisjon Innkjøp 13.12.17 i KU-sak 56/17, og i bestilling sendt fylkesrådmannen 21.12.17 der det vart bedt om informasjon om kjøp av reinhaldstjenester ved Sogn Jord- og hagebruksskule, gjennomføring og seinare avlysing av konkurranse om kjøp av varmesentralar og vurderingane rundt anskaffinga av helsevikartenester på vegne av 12 kommunar i fylket.

Fylkesrådmannen sende sin uttale til notatet fra advokat Kvammen til sekretariatet 04.06.2018. Uttalen vart vidaresend til medlemmene i kontrollutvalet. Av utalen går det fram at fylkesrådmannen ikkje har merknader til advokat Kvammen sine utgreiingar, og tar konklusjonane til etterretning. Notatet frå fylkesrådmannen dagsett 19.01.2018 om status på saka vert også lagt ved saken til fylkestinget. Fylkesrådmann, Tore Eriksen, og innkjøpssjef, Katrine Røkke Wilson orienterte om uttalen til notatet frå advokat Kvammen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart m.a. orientert om at det er halde to møte (23.1.2018 og 15.05.2018) med kommunane når det gjeld oppfølging av helsevikara
Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

Prosjekt	
Arkivak KU	17/3313
Bestilt	04.04.2017
Ferdig	03.11.2017
Handsaming av rapport KU	03.04.2018
Handsaming av rapport FT	17.04.2018

Status dato	Aktivitet
28.03.2017	Handsaming KU-sak 14/17
30.05.2017	Handsaming KU-sak 24/17
29.08.2017	KU-sak 30/17
26.09.2017	KU-sak 37/17
21.11.2017	KU-sak 43/17
13.12.2017	KU-sak 55/17
27.02.2018	KU-sak 2/18
03.04.2018	KU-sak 16/18

Musea i Sogn og Fjordane

Bestilling

Planlagt

FT-sak 3/2018

Eventuelt vedtak / resultat	
KU-vedtak i KU-sak 14/17: bestiller forvaltningsrevisjon av Musea i Sogn og Fjordane etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling 2. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen sende bestillinga til Deloitte AS.	1. Kontrollutvalet
KU-vedtak i KU-sak 24/17: prosjektplanen slik den ligg føre. Orientering om status	1. Kontrollutvalet vedtek
Orientering om status	
Status	
Status	
Status	
Vedtak: Forslag til innstilling: På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av « Musea i Sogn og Fjordane» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å: 1. S tille krav til rapportering frå MiSF i samband med tildeling av driftstilskot. 2. Vurdere å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot, og dei forventningar som er formidla ved tildeling av tilskot til MiSF . 3 U tarbeide rutinar, årshjul eller liknande der faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og MiSF er inkludert, og der det går fram både kven som er ansvarleg for å gjennomføre møta og kva som er føremålet. 4. I samarbeid med MiSF, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover. 5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva til tak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av « Musea i Sogn og Fjordane» oppmodar fylkestinget Stiftinga musea i Sogn og Fjordane å syta for å: 1. Sikre at det med utgangspunkt i stiftinga sitt føremål blir fastsett tydelege og oppdaterte mål og delmål for MiSF, og at det blir etablert system for jamleg evaluering av måloppnåing. 2. Sikre at ansvarsdeling og forventingar i organisasjonen blir tydeleggjort gjennom arbeidet med organisasjonsutvikling som no er sett i gang i MiSF. 3. Vurdere å utarbeide ein plan med tilhøyrande tiltak for å arbeide med felles kulturbygging på tvers av av delingane 4. I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover. 5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for	

Kommentarar
Bestillinga vart sendt Deloitte 4. april.
Handsaming av prosjektplan. Vedtaket vart sendt Deloitte 1. juni.
Stiftelsen har sagt seg villig til å stille opp til intervju og med dokumentasjon. Dokumentasjon er mottatt fra stiftelsen og fra fylkeskommunen. Leveringsdato 3. november består.
Det er forseinking i arbeidet med dette prosjektet på grunn av situasjonen med å måtte få på plass ny styreleiar i sommar, som har påverka framdrifta av prosjektet. Det kan bli problematisk å rekke planlagt ferdigdato 3. november 2017. Orienteringa vart teken til vitande.
Den er ikkje sendt til høyring ennå. Den blir sendt ut no i desse dagar. Den vil bli levert på nyåret. Rapport er sendt til verifisering. Frist for tilbakemelding er sett til starten på januar 2018. Rapporten skal bli klar til møtet i kontrollutvalet 20. februar
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan musea og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Revisjonsrapport er levert sekretariatet i dag og skal handsamast i kontrollutvalet i møte 03.04.18.

Kontrollutvalet v/kontrollsjef mottok 6. august oppfølging av vedtaket i FT-sak 3/18. Kontrollsjef har vore i kontakt med styreleiar i MiSF, som vil kome med ein rapport med bakgrunn i oppmodinga frå fylkestinget i sak 3/18.

Tilbakemeldinga er litt uklar når det gjeld korleis det spesifikt vert følgjt opp. I samband med tildeling av tilskot blir det uttrykt forventningar til MiSF, men det er ikkje etablert formelle rutinar for å følgje opp i kva grad forventningane frå fylkeskommunen blir oppfylt. Det er også uklart i kva grad fylkesrådmannen har vurdert å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot. Dette går på dei to første punkta i fylkestingsvedtaket.

Prosjekt	3
Arkivak KU	17/7179
Bestilt	27.09.2017
Ferdig	23.05.2018
Handsaming av rapport KU	
Handsaming av rapport FT	

Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs

Bestilling

Planlagt

Prosjektet fekk først namnet "karriererettleiing i vidaregåande skule", som også var namnet brukt i plan for forvaltningsrevisjon. Namnet vart endra etter innspel frå revisor.

Kommentarar

Bestillinga vart sendt Deloitte 27. september.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevision innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Arbeidet er ikkje heilt i rute ved at fokusgruppeintervju er vorte forseinka. Det er risiko for at revisjonsrapport ikkje rekk å vera ferdig til fristen 23.05.18. Kontrollutvalet tok informasjonen frå Deloitte til orientering.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevision innan utdannings -og yrkesrådgiving ivgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Situasjonen er den same som ved sist statusrapportering. Arbeidet er ikkje heilt i rute og det er risiko for at revisjonsrapport ikkje rekk å vera ferdig til fristen 23.05.18.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevision innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Den er enno ikkje heilt ferdig og ny frist for levering vert sett til 20.08.2018.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland , orienterte om status i høve forvaltningsrevision innan utdannings -og yrkesrådgiving ivgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Den er enno ikkje heilt ferdig men vert levert innan 20.08.2018

På grunn av intern kvalitetssikring vart dette prosjektet forseinka. Rapporten er no så godt som klar, og vert sendt fylkesrådmannen denne eller neste veke. Rapporten vert ferdig og klar for oversending til kontrollutvalet seinast 6. november.

Status for prosjektet er at dette vil bli ferdig til handsaming i kontrollutvalet 20. november 2018.

Prosjekt
Arkivak KU
Bestilt
Ferdig
Handsaming av rapport KU
Handsaming av rapport FT

Status dato	Aktivitet
13.12.2017	Handsaming KU-sak 58/17
27.02.2018	Handsaming i KU-sak 3/18
03.04.2018	KU-sak 15/18
22.05.2018	KU-sak 25/18
04.06.2018	KU-sak 27/18

Reiseliv

Bestilling

Planlagt

Eventuelt vedtak / resultat
KU-vedtak i KU-sak 58/17: 1. Kontrollutvalet godkjenner bestillinga slik den ligg føre. 2. Kontrollutvalet ber om at bestillinga vert sendt til Deloitte AS
Vedtak: 1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan reiseliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan. 2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan. 3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturerert etter timeforbruk, inntil 6 timer. 4. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten. 5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 3. september 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
Status
Status
Status

Vedtak:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1.

Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av reiselivssatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune til etterretning.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:

- i. Sørgje for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høyningsuttalen.
- ii. Sørgje for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane og dei meir langsigktige tiltaka i fireårsplanen/den rullerte Verdiskapingsplanen.
- iii. Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år.
- iv. Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakshandsamar reiseliv.
- v. Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir gjennomført i samsvar med intensjonen.
- vi. Tydeleggjere gjennom sakshandsamingsrutinane kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningsliner for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høyningsuttalen til fylkesrådmannen.
- vii. Sørger for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.
- viii. Sikre at vurderingar i samband med sakshandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er gjort og kvifor.

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31.12.2018.

Vedtak:

Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

Kommentarar
Bestillinga vart sendt Deloitte 14. desember.
Vedtaket vart sendt Deloitte 8. mars 2018
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dette arbeidet er så langt i rute.
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dette arbeidet er så langt i rute.
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland , orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dette arbeidet er så langt i rute.

Kontrollutvalet mottok rapport etter gjennomført forvaltningsrevision 3. september, som avtalt.
Saka vart sendt til fylkestingshandsaming etter møtet i kontrollutvalet.

Prosjekt	
Arkivak KU	18/2557
Bestilt	03.04.2018
Ferdig	31.10.2018
Handsaming av rapport KU	
Handsaming av rapport FT	

Status dato	Aktivitet
03.04.2018	Handsaming KU-sak 17/18
22.05.2018	KU-sak 25/18
04.06.2018	KU-sak 27/18
06.09.2018	Handsaming KU-sak 37/18
25.09.2018	KU-sak 44/18

HMT og inkluderande arbeidsliv

Bestilling

Planlagt

Eventuelt vedtak / resultat

KU-vedtak i KU-sak 17/18:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 13.04.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av oktober 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Status

Status

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner revidert prosjektplan slik den ligg føre

Orientering

Kommentarar

Bestillinga vart sendt Deloitte 9. april.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevision innan HMT og inkluderande arbeidsliv og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet. Dette arbeidet er så langt i rute.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland , orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dette arbeidet er så langt i rute.

Kontrollutvalet vedtok å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet HMT og inkluderande arbeidsliv 3. april i KU-sak 17/18. Bestillinga var gjort på bakgrunn av framlaidd prosjektplan for oppdraget.

I ettertid har det i dialog mellom kontrollsjef og hovedverneombod kome fram informasjon som gjer at prosjektet bør vurderst utvida med problemstillingar knytt til handtering av vald og truslar.

Revidert plan bygger på opphavleg prosjektplan, men er utdøvd med problemstillingar og revisionskriterier knytt til vald og truslar.

Det er i tillegg lagt til enkelte andre underproblemstillingar for å presisere kva ein vil få undersøkt i prosjektet.

Revisor har også føreslege tre stikkprøver for å undersøkt i kva grad handlingsplanar og risikovurderingar i HMT arbeidet faktisk vert gjennomført i einingar og få belyst kvaliteten på dette arbeidet.

Det vil vidare bli sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle hovudverneomboda som er representerte i dei lokale arbeidsmiljøutvala (LAMU) for å få deira synspunkt knytt til involvering, og etterleving av regelverk, retningslinjer og føringar for HMT- arbeidet.

Endingane medfører høgare kostnader for prosjektet. Kontrollutvalet vurderte endringane i prosjektet opp mot kostnadsauken og kom fram til vedtaket om revisert prosjektplan.

Deloitte orienterte om status for prosjektet. Prosjektet er i rute til å bli ferdig til 14. desember slik det står i prosjektplangen

